

Kart for motbakkeløp i Uskedalen


26.06.2009



Ole Vidar Monsen på startstaden med flagget til hovedsponsoren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vervarsla er gunstige og det første motbakkeløpet i Uskedalen sundag vil bli ei stor naturoppleving for deltakarane. Det lovar initiativtakar og leiar av arrangementet, Ole Vidar Monsen når uskedalen.no treff han på startstaden.

Det er Hauglandkrysset 34 meter over havet. Løypa går først etter Skogavegen og målet er toppen på Solfjell 892 meter over havet. Dit er det 4,8 kilometer med 18 prosent stigning. Undervegs er det saftservering på Storhaug.



Monsen har delteke i fleire motbakkeløp, til dømes Skåla opp, Hanguren opp, Nuten opp og Stoltzekleiven opp sidan det vart populært med slike løp for tre-fire år sidan. Då han vart leiar i ski- og friidrettsgruppa i Uskedalen lanserte han ideen om eit slikt løp også her.

Han var innom Ulvanåso som alternativ, men var redd det ville bli i tøffaste laget og landa på Solfjell. Det bør vera passe krevande for både konkurranseklassa og klassa for trimmarar og mosjonistar. Ole Vidar håpar at også vårt løp kan bli ein klassikar.



Frå toppen av Solfjell er det eit fantastisk panorama - her mot Folgefonna. (Foto: Audun Eik)

Det har ikkje vore noko påmelding på førehand og det er berre å møta fram i Hauglandkrysset. Mosjonistar og trimmarar har start klokka 10 og konkurranseklassane klokka 13. Prisane for deltaking er 100 kroner for dei aktive, 60 kroner for dei som startar i trim- og mosjonsklassa og 150 kroner for familiar.

I tillegg til idrettslaget i Kvinnherad har også idrettslaget i Røldal, Odda, Sauda, Stord, Kvam og Voss fått invitaasjon og det har kome positiv attendemelding frå Røldal som skal stilla med fleire spreke skiløparar. Det er tevling om kven som stillar med det beste laget.

Og apropos attendemeldingar: Fleire mosjonistar har rost initiativet frå Monsen og sagt at dei har sakna eit slikt arrangement.

Han antar at vinnartida vil liggja rundt 40 minutter. Sjølv har han gjennomført ein treningsetur på rundt 50. Punktum for arrangementet blir sett klokka 16.

Monsen er glad for å meldat at han har fått tre sponsorar som stiller med præmier. Hovudsponsor er AFA og dei

andre SPAR Uskedalen og Kvinnherad Bygg. AFA har nytta den nye maskinen sin til å laga fine merker av tre til alle som deltek.

Ein præmiepott på 2.000 kroner er likt forelt på herre- og dameklassane og det betyr at det er 500, 300 og 200 kroner for dei tre første plassane. I tillegg er det ein præmie i kvar klasse. Turgruppa kan i tillegg lokka med 50 ekstra poeng for dei som når toppen!

Av Ola Matti Mathisen